



KR - Avdeling for kirkefag og økumenikk
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Dato: 25.04.2022

Vår ref: 22/00751-3

Dykkar ref:

Høyrings svar om reglar for val til døvekyrkjelydane sin repr. til Oslo bdr. og Kyrkjemøtet og reglar til døvekyrkjelege organ

Vi viser til høyringsbrev datert 15.02.2022 der Møre bispedømme blir beden om å sende inn høyrings svar. Møre bispedømme handsama saka i møte 25.04.2022, sak 27/22 og fatta samrøystes vedtak slik det går fram av utskift under

Vedtak

Spørsmål om digitalt val og fysisk val

Med omsyn til spørsmålet om å gjennomføre digitalt kyrkjeval for dei røysteføre i døvekyrkjelydane, går bispedømmerådet primært inn for at valet blir heildigitalisert.

Sekundert, med omsyn til dei som ikkje har tilstrekkeleg digital kompetanse, går bispedømmerådet inn for ein får høve til å gi førehandsstemme ved fysisk frammøte, ein stad i kvart fellesrådsområde.

Møre bispedømmeråd går ikkje inn for at det lenger blir tillate at ein på valdagen kan gi stemme i lokal kyrkjelyd og ved døvekyrkje. Ordninga er ressurskrevjande og vanskeleg å gjennomføre.

Val av representant til bispedømmeråd/Kyrkjemøte

Møre bispedømmeråd går inn for at reglane for nominasjonsprosess blir endra slik at mange nok blir nominert til valet og kan veljast (minst 1 medlem og 2 vara).

Val av døves sokneråd

Møre bispedømmeråd går inn for at §2 i det nye regelsettet blir endra til alternativ 1: «Valg av menighetsråd skjer ved digital forhåndsstemmegivning»

Gjennomgåande endringar i ulike regleverk

Bispedømmerådet støttar framskunding av fristar for å oppnemne nominasjonskomite (frå 1.mars til 1.febr.), listeforslag (frå 30.april til 31.mars) og for frist for supplerande nominasjon til 15. mai, for at samordne ulike fristar og for å forenkla valordningane.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Bispedømmerådet er glad for at innføring av digitalt val vil føre til forenkla rutinar og billigare gjennomføring.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug
stiftsdirektør

Arvid Helle
leiar kyrkjefagavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

KR - Avdeling for kirkefag og økumenikk

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO